



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Storehagen Atrium, Førde.</b>
<b>Møtedato</b>	<b>13.02.2019</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 14.00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Erlend Haugen Herstad**

**Magnus Strand**

**Anita Æsøy**

**Bente Underthun**

**Forfall til møtet:**

**Odd Atle Stegegjerdet**

**Varamedlemer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:**

**Frank Tore Farsund Tveit**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå møtet 15.11.2018 vart underskriven.

## **SAK 2/19      Skriv og melding - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 13. februar 2019**

### **Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram i møtet:**

#### **Meldesak 1) Tilrettelegging i arbeidslivet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Brev frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Vest-Agder, der dei fremjar ideen om at fleire må få vite om moglegheiter som finst for å få personar med nedsett funksjonsevne ut i arbeid.

Konklusjon: Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek brevet til vitande og gjev følgjande svar tilbake:

«Vi takkar for at de sett fokus på at mennesker med nedsettfunksjons evne skal ha mulighet til å komme i arbeid. Vi støttar engasjementet dykkar og vi hadde ein god diskusjon om temaet på vårt eige fylkesrådsmøte og vil halde auge og sjå etter muligheiter til å følgje opp problemstillinga».

#### **Meldesak 2)**

Fellesnemnda for nye Vestland fylkeskommune ved arbeidsutvalet inviterer til opne dialogmøter om viktige vegval for Vestland fylke. Føremålet med møta er å få fram kunnskap og innblikk i utfordringar i ulike delar av det nye fylket, som rører ved Vestland fylkeskommune si rolle som tenesteutviklar og samfunnsutviklar.

Konklusjon: Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek invitasjon til dialogmøter om nye Vestland fylkeskommune til vitande, og fleire av medlemmane ynskjer å delta i Førde 26. mars.

### **Det låg føre slik tilråding til vedtak:**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak

#### **Avrøysting:**

Samrøystes

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak

---

## **SAK 3/19      Årsmelding 2018 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Det låg føre slik tilråding til vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

1. Årsmelding 2018 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte den 13. februar 2019
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Årsmelding 2018 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møte den 13. februar 2019
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne

-----

**SAK 4/19      Justering av arbeidsplan for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2016 - 2019**

**Det låg føre slik tilråding til vedtak:**

**Arbeidsplanen for perioden 2016 – 2019 vert justert av fylkesrådet i møte 13. februar 2019.**

**Planlagt aktivitet 2019:**

Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO oppretthalde dialogen med Brukarorganisasjonane.

Sende uttalar til fylkeskommunen og andre offentlege etatar om saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Ha eit halde eit auge med regionsamanslåinga det kommande året.

Få informasjon frå hjelpemiddelsentralen – ein studietur på møte i Juni – og eventuelt følgje det opp med uttale frå rådet.

Lage ei summert evaluering av rådet si verksemd i perioden på siste møte i 2019.

Arbeidsplanen elles vert vidareført slik den ligg føre.

Følgje opp arbeidsplanen i neste møte.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Arbeidsplanen for perioden 2016 – 2019 vert justert av fylkesrådet i møte 13. februar 2019.**

**Planlagt aktivitet 2019:**

Representantane i fylkesrådet som representerer SAFO og FFO oppretthalde dialogen med Brukarorganisasjonane.

Sende uttalar til fylkeskommunen og andre offentlege etatar om saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne.

Ha eit halde eit auge med regionsamanslåinga det kommande året.

Få informasjon frå hjelpemiddelsentralen – ein studietur på møte i Juni – og eventuelt følgje det opp med uttale frå rådet.

Lage ei oppsumert evaluering av rådet si verksemd i perioden på siste møte i 2019.

Arbeidsplanen elles vert vidareført slik den ligg føre.

Følgje opp arbeidsplanen i neste møte.

**SAK 5/19**

**Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - forskrift om medverknadsordningar**

**Det låg føre slik tilråding til vedtak:**

**Framlegg til vedtak:**

**Høyringsvar forskrift om medverknadsordningar:**

Det er viktig at forskrifta er handterleg og forståeleg for folk.

Vi ber om at det vert innarbeidd følgande intensjon i val av råd:  
«Gje brukarorganisasjonane, som er representative for brukargruppene ei aktiv rolle i å foreslå representantar til råda.»

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Høyringsvar forskrift om medverknadsordningar:**

Det er viktig at forskrifta er handterleg og forståeleg for folk.

Vi ber om at det vert innarbeidd følgande intensjon i val av råd:  
«Gje brukarorganisasjonane, som er representative for brukargruppene ei aktivrolle i å foreslå representantar til råda.»

-----